

ULVIK HERAD

SAKSPAPIR

SAKSGANG

Utval	Møtedato	Utvallsak
Formannskap	28.01.2026	006/26

Sakshandsamar Langballe, Brynjulf	Arkivsaknr 24/881
--------------------------------------	----------------------

Uttale til NVE angående Planendring og forlengja byggefrist for Tysso kraftverk

Saksutgreiing:

NVE har fått ein søknad frå Tysso Kraftverk AS om planendring for Tysso kraftverk i Ulvik herad. Dei har også sendt ein søknad om å få forlengt byggefristen med fem år, til 20.05.2031. NVE har sendt søknaden på høyring til mellom anna Ulvik herad.

Utdrag frå høyringsdokumentet:

"Kva blir det søkt om?"

Søknad om planendring:

Tysso kraftverk var planlagt med ein vassveg der røyrkata var nedgraven i nedre del. Den konsesjonsgjevne traséen for røyrkata ligg i skredfarleg terreng. I staden for ei nedgraven røyrgate, blir det no søkt om å byggje tunnel og sjakt heile vegen. I konsesjonen vart det gitt løyve til å bruke kraftstasjonen til Ulvik I til Tysso kraftverk. Konsesjonæren planlegg no å byggje kraftstasjonen i fjell. Etableringa av kraftstasjonen gjer det naudsynt med ein mellombels anleggsveg med tilhøyrande riggområder og tilkomstveg over Ilflaten, som er bandlagt etter kulturminnelova. Søknaden skal behandlast etter reglane i vassressurslova kapittel 3.

Søknad om forlengd byggefrist

Fristen for å byggje Tysso kraftverk er 20.05.2026. Arbeidet er ikkje starta enno, fordi konsesjonæren ønskjer å velje ei anna løysing enn den som låg til grunn for søknaden om planendring frå 2022. Tysso Kraftverk AS søker difor om løyve til å forlengje byggefristen med ytterlegare fem år, til 20.05.2031.

Det følgjer av vilkårspost nr. 2 i vassdragskonsesjonen at konsesjonær må starte bygging av kraftverket før det har gått fem år frå konsesjonsdato, og fullføre bygging innan fem år til. Fristen kan forlengast av NVE."

NVE ynskjer gjennom høyringa å få inn synspunkt på endringane som er presentert i søknaden, mellom anna om planane bør gjennomførast eller eventuelle alternativ eller forslag til avgrensingar i planane.

Nokre av endringane som vert søkt om er:

Vatnent vert ført i sjakt og tunnel heilt ned til kraftstasjonen på kote 9, rørgatetraseen vert liggande der den kryssar under fv. 572 og dei gamle murane ved Elvatun ungdomshus for å ivareta det verneverdige kulturmiljøet kring Elvatun.

Kraftstasjonen vert flytta frå dagens bygg og inn i fjell.

Går frå 1 turbin til 2.

Det vert anlagt mellombels anleggsveg over Ilflaten, tilkomst til kraftstasjonportalen vil nytta eksisterande veg.

Det vert ikkje naudsynt med massedeponi halvvegs langs vassvegen, massane vil nyttast av heradet.

Vurdering:

Planendringane vil vera positive for Ulvik herad

Økonomiske konsekvensar:

Ulvik herad kan nytta massane på mellom anna Skeietomta.

Klima-/miljøkonsekvensar:

Planendringa vil gi mindre naturinngrep og graving i dagen.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet er positive til planendringane og forlengja byggjefrist for Tysso kraftverk.

28.01.2026 Formannskap

Røysting:

Samrøystes vedteken.

FSK - 006/26 Vedtak:

Samrøystes vedtak:

Formannskapet er positive til planendringane og forlengja byggjefrist for Tysso kraftverk.